



Gjeld for perioden 2021-2024

Plan for utvikling av sosial kompetanse

Innleiing:

Skulen skal byggje praksisen sin på verdiane i formålsparagrafen i opplæringslova:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtying. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.


Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

(Opplæringslova § 1-1)

Det er eit mål at våre elevar skal oppleve at dei høyrer til på BUS og at det er bruk for dei. Me skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og dei skal få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. For å lukkast med dette må me byggje eit godt læringsmiljø og tilpasse undervisninga i samarbeid med elevane og heimane.

Tiltaka i plan for sosial kompetanse er førebyggjande for å fremje eit trygt og godt skulemiljø. Dei skal evaluerast i skulen sine rådsorgan etter §9A-8 og 9A-9



Sosial læring og utvikling

Me skal jobbe med både elevane si faglege læring og sosiale læring og utvikle eit inkluderande læringsmiljø. Det er i fellesskapet og i samhandling med andre at elevane utviklar sosiale dugleikar som empati, samarbeid, sjølvhevding, sjølvkontroll og ansvarskjensle. Dette er viktige dugleikar for å fungere godt i eit samfunn med andre.

Det må jobbast systematisk med sosial læring og utvikling for å skape eit inkluderande læringsmiljø som også er trygt og godt for elevane. Mykje vert gjort i klasseromma gjennom tydeleg klasseleing og tilpassa opplæring med rett balanse mellom krav og meistring. På BUS legg me og vekt på positive opplevingar i fellesskap for eit godt og trygt skulemiljø. Skulen er utforma med tanke på møteplassar for både tilsette og elevar og me har tillit til at elevane tek ansvar for skulen sin.

Gjennom tiltaka i plan for utvikling av sosial kompetanse får elevane øvd seg i dei sosiale dugleikane saman med andre. Eit døme er å ha ansvaret for kantinedrifta. Utan samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle vert det ikkje noko å selje i kantina. Eit anna døme er klassemøter og elevråd, der dei øver på demokratisk saksong. Opplæringslova slår fast at alle

elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø som fremjer helse, trivsel og læring. Dette skal me arbeide med kontinuerleg og systematisk. BUS sin plan for å utvikling av elevane sin sosiale kompetanse synleggjer dette arbeidet.

Elevane sitt skulemiljø er jamnleg til diskusjon i fellestid og me nyttar u.dir sitt materiell til refleksjonar rundt eigen praksis:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/sosial-laring-gjennom-arbeid-med-fag/#153822>

Forankring til plan for utvikling av sosial kompetanse for Bremnes ungdomsskule

Oversikt

- Bremnes ungdomsskule har utarbeidd ein oversikt over undervisningsopplegg og sosiale aktivitetar som skjer i løpet av eit skuleår. Dette er ein del av plan for utvikling av sosial kompetanse.

Forankring/eigarforhold i personale

- Planen skal på høyringsuttale i personalet.
- Personalet skal ha eit aktivt forhold til plan for utvikling av sosial kompetanse og til dei ulike tiltaka.

Samarbeid med heimen og FAU

- Leiinga skal leggja til rette for godt samarbeid med føresette om enkeltelev og elevgrupper.
- Kontaktlærer skal tidleg ta kontakt med føresette og leiinga når ein er uroa for forhold som gjeld eleven t.d. trivsel, fråvær, mobbing, helse og læringsutbytte.
- Terskelen for å ta kontakt med skulen skal vera låg. Dette gjeld både kontakt med kontaktlærer, rådgjevar og leiinga.
- FAU og klassekontaktar skal samarbeida med skulen om felles sosiale tiltak for elevane.
- FAU skal ha høve til å koma med innspel til plan for utvikling av sosial kompetanse. Dette skjer ved revisjon av planen.

Samarbeid med Elevrådet

- Plan for utvikling av sosial kompetanse skal opp som sak i Elevrådet og ved revisjon av planen.

Samarbeid med SMU(skulemiljøutvalet)

- Plan for utvikling av sosial kompetanse skal vedtakast i SMU (skulemiljøutvalet)

Evaluering

- Tiltaka i oversikt skal evaluerast på klasse og teamnivå 2 gonger kvart år – januar og juni.
 - Kontaktlærer(ane) har ansvar for tilbakemelding frå eigen klasse. Melding skal gjevast til avdelingsleiar. Frist 10. januar og 10. juni.
 - Avdelingsleiar har for ei samla tilbakemelding frå trinnet. Frist 15. januar og 15. juni.
- Planen skal evaluerast tredje kvart år i perioden februar – april.
Alle rådsorgan skal ha medverknad i prosessen. Sjå pkt «Forankring til plan for utvikling av sosial kompetanse
- Planen skal publiserast på skulen si heimeside og på It's Learning

Oversikt – tiltak for utvikling av sosial kompetanse

Tiltak	Periode	Ansvar	Sosiale dugleikar	Overordna mål	mål	Gjennomført	Kryss
Ordensreglement	Oppstart nytt skuleår	Rektor	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Vurdering i orden og i åtferd skal fremje sosial læring, skape eit godt skulemiljø og gje informasjon om eleven sin orden og åtferd	Møta førebudd og presis til timane Visa gode arbeidsvanar og god arbeidsinnsats Visa omsyn og respekt for andre på skulen og på skulevegen Visa respekt for undervisninga Visa vilje til å skapa trivsel og eit godt læringsmiljø Skulen skal vera rusfri	Orientering klasseforeldremøte	
	Elevsamtalen	Kontaktlærer				Alle elevsamtalar	
	Elev-foreldresamtalen					Alle foreldresamtalar	
Klassereglar	Oppstart nytt skuleår, gjeld all undervisning	Kontaktlærer og faglærer	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Medverka til å skapa eit godt klasse- og læringsmiljø	Demokratisk saksgong Evne til å samarbeida Felles ansvar for klassemiljø	Drøfta i klassen	
						Opplyst på klasseforeldremøte haust	
Klassemøter og elevråd	Første måndag kvar månad med påfølgande elevråd	Kontaktlærer og elevrådslærer	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Elevinvolvering i klasse- og skulemiljø	Demokratisk saksgong Evne til å samarbeida Felles ansvar for klasse- og skulemiljø		
MOT	Gjennom skuleåret	MOT- coach og lærarar	MOT til å leve= sjølvhedding MOT til å bry seg= empati, ansvarskjensle og samarbeid MOT til å sei nei= sjølvkontroll	Utvikla eit godt klassemiljø Utvikla ei positiv sosial åtferd Utvikla personleg vekst og utvikling Støtta heim og skule i generelt førebyggjande arbeid m.o.t. vold, mobbing, tobakk, rusmiddel m.m.	Visa omsyn og respekt for andre på skulen og på skulevegen Visa vilje til å skapa trivsel og eit godt læringsmiljø Skulen skal vera rusfri	Eige årshjul	

TL	Sosiale aktivitetar i friminutt	TL-lærer	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Skapa trivsel og inkludering for elevane ute og i fellesareala ved pausar	Visa vilje til å skapa trivsel og eit godt skulemiljø Læra å samarbeida Felles ansvar for skulemiljø		
Elevundersøking	November/desember	Administrasjonen Kontaktlærarar		Hente inn informasjon rundt elevane sitt skulemiljø og evaluere dette			
Ung Data	Annakvart år veke 5-7	Administrasjonen Kontaktlærarar		Informasjon og talmateriale for korleis elevane har det			
Tur eller fellesaktivitet for trinnet/klasse	Ca. ein p.r. måned.	Teamnivå	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Praktisera ulike former for friluftsliv i ulike naturmiljø Nytta ulike treningsformer med utgangspunkt i kjende aktivitetar	Elevar og lærarar skal ha ei positiv og sosial oppleving Elevane skal få fysisk trening i ulendt terreng Elevane skal få oppleva å gå på tur i all slags vær		
Elevkantine	Kontinuerleg	9.trinn	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Auka trivsel for alle elevane	Læringsmål i faget mat og helse Felles ansvar for skulemiljø		
Temaveke God Nok	Veke 6	Administrasjon og lærarane Samarbeid med skulehelsetenesta	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Tverrfagleg arbeid innan livsmeistring	Livsmeistring og folkehelse – relevante mål frå fleire fag		
Jole	Desember annakvart år	Administrasjonen Lærarar med spesielt ansvar	Sjølvhedding, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle	Velja uttrykk og formidlings-form i eiga musisering og grunngi vala Øva inn og framføra eit repertoar av musikk og dans frå ulike sjangrar med vekt på rytmisk musikk Gjennomføra enkle føredrag, presentasjonar, tolkande opplesing, rollespel og dramatisering, tilpassa ulike mottakarar Bruka ulike materiale og verktøy i arbeidet med bilde ut fra egne interesser	Læra å samarbeida Læra å stå fram Få eit positivt sjølvbilete Bli trygg på å opptre Læra å løysa ulike praktiske utfordringar (lys, lyd, arrangement m.m.)		

Vinterball	Februar	Elevgruppe på trinnet + 1-2 lærarar	Samarbeid og ansvarskjensle	Planlegge og gjennomføre eit positivt og inkluderande arrangement			
Teatertur 10.trinn	Ein tur til Bergen eller Stavanger i løpet av 10. klasse.	10.trinn	Sjølvhending, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle.	Delta i utforskande samtalar om litteratur, teater og film. Vurdera eigne og andre sine moglege framføringar	Elevar og lærarar skal ha ei positiv og sosial oppleving. Gi elevane ei kulturell oppleving.		
Hospitering UTV	I løpet av skuleåret, vert koordinert			Undersøkje mogleheiter for arbeid på det lokale arbeidsmarkedet Forklara viktigheten av utdanning og livslang læring Samla, analysa og bruka informasjon om utdanning og yrke på ulike måtar i karriereplanlegginga	Elevar og lærarar skal ha ei positiv og sosial oppleving. Elevar og lærarar skal ha ei positiv og sosial oppleving.	8. trinn 1 dag vår 9. trinn 1 dag vår 10. trinn 3 dagar hospitering i bedrift 2 dagar Hospitering i vidaregåande skule 1 dag	

Individnivå

Elevsamtale	Oktober – november Februar – mars	Kontaktlærer	Sjølvhending, empati, samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle.	Rettleia eleven med framovermeldingar undervegs i opplæringa.	Eleven forstår kva han skal læra, og kva det blir venta av han. Eleven får tilbake-meldingar som fortel han om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen Eleven får råd om korleis han kan gjere det betre Eleven er involvert mellom anna ved å vurdere sitt eige arbeid, utvikling og arbeidsinnsats		
Elev-	November	Kontaktlærer				Gjennomført haust	

foreldresamtale	Mars			Eleven og foreldra skal få undervogs- vurdering med framover-meldingar	Heimen skal bli kjent med korleis skulen vurderingane, sjå over		
						Gjennomført vår	
BTI og Stafettlogg	Ved uro for elev						
Handlingsretteleiar for fråvær	Ved udokumentert fråvær - Sjå plan	Kontaktlærer Administrasjon					
Skulemiljøknappen og aktivitetsplikt							

Samarbeid heim-skule

Sterk og klar Foreldreprogram	8. trinn Haust og vår 9. trinn Haust og vår 10. trinn Vår	Rektor i samarbeid med FAU Avdelingsleiar i samarbeid med klassekontaktane		Analysa utviklinga av bruk av rusmiddel og røyking i Noreg. Reflektera over haldningar til rusmiddel. Gjera greie for korleis bruk av rusmiddel kan føra til helseskadar og drøfta korleis den enkelte og samfunnet kan førebyggja helse-skadane.	Styrkja kontakten mellom unge og vaksne. Styrkja nettverket mellom foreldre. Støtta og rettleia foreldra i arbeidet med å førebyggja tidleg debutalder for rus.		
Arrangement som Jole, vinterball og vitnemålsfest							
Bli-kjent kveld 8.trinn					Bli kjent og trygg på kvarandre Elevar, foreldre og lærarar skal ha ei positiv og sosial oppleving		